

## **Tabell 1-fk**

### **Rammetilskot til fylkeskommunane 2024**

Rammetilskotet til fylkeskommunane blir løyvd over kap. 572, post 60–62 på statsbudsjettet. Samla rammetilskot er vist i kolonne 3 – *Sum rammetilskot 2024*.

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamninga er berekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. juli 2023. Skatteutjamninga er òg ein del av rammetilskotet, som skjer gjennom budsjettåret, etter kvart som skatteinntektene ligg føre. I skatteutjamninga blir det nytta innbyggjartal per 1. januar 2024. Rammetilskotet til den einskilde fylkeskommune blir justert som ein del av skatteutjamninga. Den endelege skatteutjamninga er ikkje klar før i februar 2025 og er såleis ikkje med i berekninga av rammetilskotet i denne tabellen. Det endelege rammetilskotet blir difor klart først i februar 2025.

### **Kolonne 1 – Innbyggjartilskot (post 60)**

Kolonne 1 viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamninga, tilskot med ei særskild fordeling og overgangsordninga. Sjå tabell 2-fk for meir detaljert dokumentasjon av innbyggjartilskotet.

### **Kolonne 2 – Nord-Noreg-tilskot (post 62)**

Nord-Noreg-tilskotet blir berekna som eit beløp per innbyggjar til fylkeskommunane i Nord-Noreg. Tilskotet er berekna ut frå talet på innbyggjarar per 1. januar 2023. I 2024 er satsen 1 599 kroner per innbyggjar, og lik for alle fylkeskommunane i Nord-Norge. Satsen er sett ut frå satsen for Troms i 2019, og prisjustert for åra etter 2019 .

### **Kolonne 3 – Sum rammetilskot 2024**

Sum av kolonnane 1–2.